



Portalar til tru



Finst det noko større enn oss sjølv?



Ei kraft? Noko guddommeleg og heilag? Gud?



Tru finst
i mange
former





Natur- portalen

Kan det vera Gud strekk seg mot oss
og møter oss når me er i naturen?

Å vera i skogen, med trær og fuglesong kring seg,
kjenna sandkorn under tærne på stranda og høyra
bølgene skvulpa. Oppleva fridom på ein fjelltopp
eller nyta livet i ein park i byen.

Kva gjer slike stader med deg?



Kultur- portalen

**Kunst og kultur speglar livet og peiker mot
noko grunnleggande i oss. Kan me oppdaga
Gud og det heilage her?**

I møte med bøker, film, musikk, teater og
sport vaknar ulike tankar og kjensler – begeistring,
provokasjon, undring, sinne og harmoni.

Korleis kan kulturopplevingar
opna opp rommet for tru?



Relasjons- portalen

**Kan Gud møta oss gjennom andre
menneske – gjennom kven dei er
og kva dei gjer?**

Me treng å høyra til og bli elska, nokon å vera
viktige for og bry oss om. Små og store møte
med andre gir livet meining.

Har du møtt nokon som har gitt deg
ei oppleving av noko større og djupare?



Kyrkje- portalen

Korleis kan kyrkjerommet og det som skjer der invitera til noko heilagt?

Kyrkja er til for spesielle hendingar. Samtidig famnar ho heile livet – også kvardagane.

Mange likar å besøka kyrkjer og katedralar. Tenna lys, kjenna på stemninga, oppleva arkitektur og utforska historia.

Har du erfaringar frå kyrkjer som har gjort inntrykk på deg?



Høgtids- portalen

Korleis kan høgtidene opna opp for tru?
For Jesusbarnet i krybba og mysteriet om
oppstoda i påsken?

Jul, påske og pinse handlar om kva som betyr
noko i livet. Minne, tradisjonar og forventningar
forsterkar det gode så vel som det vonde.

Kva betyr dei kristne høgtidene for deg?



Bibel- portalen

**Korleis kan Bibelen vera ei
kjelde til refleksjon og tru?**

Bibelen famnar alle sider ved livet. Han viser menneske som elsker, tilgir, svik og bedrar.

Bibelen er boka om Gud. Han er nøkkelen til kristen tru og eit skattkammer av forteljingar.

Bibelen er den mest selde boka i verda.

Kva er Bibelen for deg?



Fred og ro- portalen

Kan fred og ro opna opp for noko større – for Gud?

Nokre gonger treng me ro i kropp og sjel.
Kopla frå støy og inntrykk og gi rom for oss sjølv.

Har du kjent på dette? Behovet for å pusta ut –
legga deg ned i graset, på ei treningsmatte
eller på sofaen. Sitta med fiskestonga, rusla ein
tur for deg sjølv – eller be ei stille bøn.

Kva merker du når fred og ro senkar seg?



Din portal

Menneske er forskjellige og rommet for tru
er stort: Kva er tru for deg?

Denne portalen handlar om å vera der
du er – i det som betyr noko for deg.
Det som gir livet påfyll og meining.

Kan din eigen portal opna opp for noko nytt?
Noko større enn deg sjølv?

Kan portalane
opna opp for
tru og gi rom
for noko større
i ditt liv?



Portalane handlar om livet, om små og store erfaringar du kan ha i møte med natur, kultur, menneske, høgtidene og deg sjølv. Opplevingar som på ulike måtar rører ved deg.

Kan portalane opna opp for Gud og gi rom for noko større?

Har du lyst til å lesa og oppleva meir, kan du lesa denne QR-koden med mobilkameraet:



www.portalertiltro.no

Foto: Gunn Heidi Dybdahl. **Kulturportalen:** Gatekunst av Vlek. **Kyrkjeportalen:** Per Odd Aarrestad: Altertavle i Tau kyrkje
© Per Odd Aarrestad / BONO 2022. **Design:** Apriil procontra



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømme

